

Saksframlegg

Saksbehandlar: Susan Husabø, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/7328-28

Opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018**Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1. Opplæringstilboda ved skulane vert lyst ut slik:

a) Årdal vidaregåande skule

| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar |
|---------------|--|-------------|------------|
| ELELE1---- | Elektrofag | 1,0 | 12 |
| ELAUT2---- | Automatisering | 1,0 | 12 |
| ELAUT3---- | Automatiseringsfaget | 1,0 | 12 |
| SSSSA1---- | Service og samferdsel | 1,0 | 15 |
| SSSSS2---- | Sal, service og sikkerheit | 1,0 | 15 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 1,0 | 12 |
| TPPIN2---- | Industriteknologi | 1,0 | 12 |
| TPKJP2---- | Kjemiprosess | 1,0 | 12 |
| PBPBY4---- | Påbygging til gen.studiekomp- e. yrkeskomp | 1,0 | 30 |
| Totalt | | 12,0 | 222 |

b) Sogndal vidaregåande skule

| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar |
|------------|--|---------|---------|
| BABAT1---- | Bygg- og anleggsteknikk | 5,0 | 60 |
| BAANL2---- | Anleggsteknikk | 1,0 | 12 |
| BABYG2---- | Byggteknikk | 3,0 | 36 |
| BAKEM2---- | Klima, energi og miljøteknikk | 1,0 | 12 |
| ELELE1---- | Elektrofag | 2,0 | 24 |
| ELELE2---- | Elenergi | 1,0 | 12 |
| ELDEL2---- | Data og elektronikk | 1,0 | 12 |
| ELDAT3---- | Dataelektronikarfaget | 2,0 | 24 |
| HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 2,0 | 30 |
| HSBUA2---- | Barne- og undomsarbeidarfag | 1,0 | 15 |
| HSHEA2---- | Helsearbeidarfag | 2,0 | 30 |
| IDRET1---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 |
| IDIDR2---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 |
| IDIDR3---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 |
| MEMOK1---- | Medium og kommunikasjon | 1,0 | 30 |
| MEMOK2---- | Medium og kommunikasjon | 1,0 | 30 |
| MKMED3---- | Medium og kommunikasjon-studieførebuande | 1,0 | 15 |
| RMRMF1---- | Restaurant- og matfag | 1,0 | 12 |

| | | | |
|------------|-----------------------------------|------|-----|
| RMKOS2---- | Kokk- og servitørfag | 1,0 | 12 |
| SSSSA1---- | Service og samferdsel | 2,0 | 30 |
| SSTR2---- | Transport og logistikk | 1,0 | 15 |
| SSSS2---- | Sal, service og sikkerheit | 1,0 | 15 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 3,0 | 81 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 3,0 | 78 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 4,0 | 108 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 2,0 | 24 |
| TPKJT2---- | Køyretøy | 1,0 | 12 |
| Totalt | | 46,0 | 819 |

c) Høyanger vidaregåande skule

| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar |
|------------|-----------------------------------|---------|---------|
| DHFRI2---- | Frisør | 1,0 | 12 |
| ELELE1---- | Elektrofag | 1,0 | 12 |
| ELELE2---- | Elenergi | 1,0 | 12 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 1,0 | 12 |
| TPPIN2---- | Industriteknologi | 1,0 | 12 |
| Totalt | | 8,0 | 150 |

d) Dale vidaregåande skule

| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar |
|------------|-----------------------------------|---------|---------|
| HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 1,0 | 15 |
| HSHEA2---- | Helsearbeidarfag | 1,0 | 15 |
| PBPBY3---- | Påbygg til generell studiekomp. | 1,0 | 30 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 1,0 | 12 |
| TPPIN2---- | Industriteknologi | 1,0 | 12 |
| Totalt | | 8,0 | 174 |

e) Mo og Øyrane vidaregåande skule

| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar |
|------------|-----------------------------|---------|---------|
| BABAT1---- | Bygg- og anleggsteknikk | 4,0 | 50 |
| BABYG2---- | Byggteknikk | 3,0 | 36 |
| BAANL2---- | Anleggsteknikk | 1,0 | 12 |
| ELELE1---- | Elektrofag | 2,0 | 24 |
| ELDEL2---- | Data og elektronikk | 1,0 | 12 |
| ELELE2---- | Elenergi | 2,0 | 24 |
| HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 3,0 | 45 |
| HSAMB2---- | Ambulansefag | 0,5 | 9 |
| HSHE2---- | Helseservicefag | 0,5 | 6 |
| HSHEA2---- | Helsearbeidarfag | 2,0 | 24 |
| HSBUA2---- | Barne- og undomsarbeidarfag | 1,0 | 15 |
| NANAB1---- | Naturbruk | 1,0 | 12 |
| NANAB1--3- | Naturbruk- hest | 1,0 | 12 |
| NAHHO2---- | Heste- og hovslagarfag | 1,0 | 12 |
| NALGA2---- | Landbruk og gartnarnæring | 1,0 | 12 |
| NANAB3---- | Naturbruk- studieførebuande | 1,0 | 15 |
| NALBR3---- | Landbruk | 1,0 | 12 |
| RMRMF1---- | Restaurant- og matfag | 2,0 | 24 |
| RMKOS2---- | Kokk- og servitørfag | 1,0 | 12 |

| | | | |
|-------------|--|------|-----|
| SSSSA1P--- | Service og samferdsel- YSK 4-årig | 1,0 | 15 |
| SSSSS2P--- | Sal, service og sikkerheit- YSK 4-årig | 1,0 | 11 |
| PBPBY4P1-- | Påbygging YSK 3.år | 0,0 | 15 |
| SSTR2L2---- | Transport og logistikk | 1,0 | 12 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 2,0 | 24 |
| TPBLK2---- | Bilskade, lakk og karosseri | 0,5 | 6 |
| TPPIN2---- | Industriteknologi | 1,0 | 12 |
| TPKJT2---- | Køyretøy | 1,0 | 6 |
| Totalt | | 36,5 | 469 |

f) Hafstad vidaregåande skule

| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar |
|------------|---------------------------------|---------|---------|
| PBPBY3---- | Påbygg til generell studiekomp. | 1,0 | 30 |
| MEMOK1---- | Medium og kommunikasjon | 1,0 | 30 |
| MEMOK2---- | Medium og kommunikasjon | 1,0 | 30 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 4,0 | 120 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 4,0 | 120 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 4,0 | 120 |
| KDKDA1---- | Kunst, arkitektur og design | 1,0 | 30 |
| KDKDA2---- | Kunst, arkitektur og design | 1,0 | 30 |
| STFOR3---- | Formgjevingsfag | 1,0 | 30 |
| Totalt | | 18,0 | 540 |

g) Flora vidaregåande skule

| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar |
|------------|-----------------------------------|---------|---------|
| BABAT1---- | Bygg- og anleggsteknikk | 2,0 | 24 |
| BABYG2---- | Byggteknikk | 1,0 | 12 |
| ELELE1---- | Elektrofag | 2,0 | 24 |
| ELELE2---- | Elenergi | 1,0 | 12 |
| HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 2,0 | 30 |
| HSHEA2---- | Helsearbeidarfag | 1,0 | 15 |
| HSBUA2---- | Barne- og ungdomsarbeidarfag | 1,0 | 15 |
| IDRET1---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 |
| IDIDR2---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 |
| IDIDR3---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 |
| PBPBY3---- | Påbygg til generell studiekomp. | 1,0 | 30 |
| SSSSA1---- | Service og samferdsel | 1,0 | 15 |
| SSSSS2---- | Sal, service og sikkerheit | 1,0 | 15 |
| SSISF2---- | IKT-servicefag | 1,0 | 15 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 2,0 | 24 |
| TPPIN2---- | Industriteknologi | 1,0 | 12 |
| Totalt | | 26,0 | 513 |

h) Måløy vidaregåande skule

| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar |
|------------|------------------------------------|---------|---------|
| BABAT1---- | Bygg- og anleggsteknikk | 1,0 | 12 |
| BABYG2---- | Byggteknikk | 1,0 | 12 |
| HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 1,0 | 15 |
| HSHSF1P--- | Helse- og oppvekstfag YSK 4-årig | 0,5 | 6 |
| HSHEA2P--- | Helsearbeidarfag YSK 4-årig | 0,5 | 7 |
| HSBUA2---- | Barne- og ungdomsarbeidarfag | 1,0 | 15 |
| NANAB1---- | Naturbruk | 1,0 | 12 |
| NANAB1P--- | Naturbruk- maritime fag YSK 4-årig | 0,0 | 4 |

| | | | |
|------------|--|------|-----|
| NAAKV2---- | Akvakultur | 0,5 | 6 |
| NAAKV2P--- | Akvakultur YSK 4-årig | | 4 |
| NAFFA2---- | Fiske og fangst | 0,5 | 6 |
| RMRMF1---- | Restaurant- og matfag | 1,0 | 12 |
| RMKOS2---- | Kokk- og servitørfag | 1,0 | 12 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 2,0 | 24 |
| TPTIP1P--- | Teknikk og industriell produksjon YSK 4-årig | 0,5 | 6 |
| TPTIP2P--- | Teknikk og industriell produksjon | 0,5 | 6 |
| TPMAR2---- | Maritime fag | 2,0 | 24 |
| TPKJT2---- | Køyretøy | 1,0 | 12 |
| PBPBY4P1-- | Påbygging YSK 3.år | 1,0 | 15 |
| PBPBY4P2-- | Påbygging YSK 4. år | 1,0 | 15 |
| Totalt | | 20,0 | 315 |

i) Firda vidaregåande skule

| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar |
|------------|-------------------------------|---------|---------|
| IDRET1---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 |
| IDIDR2---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 |
| IDIDR3---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 |
| MDMDD1--4- | Musikk, dans og drama- dans | 0,5 | 12 |
| MDMDD1--1- | Musikk, dans og drama- musikk | 1,0 | 24 |
| MDMDD1--6- | Musikk, dans og drama- drama | 0,5 | 12 |
| MDDAN2---- | Dans | 0,5 | 12 |
| MDDRA2---- | Drama | 0,5 | 12 |
| MDMUS2---- | Musikk | 1,0 | 24 |
| MDMUS3---- | Musikk | 1,0 | 24 |
| MDDRA3---- | Drama | 0,5 | 12 |
| MDDAN3---- | Dans | 0,5 | 12 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 |
| Totalt | | 12,0 | 324 |

j) Eid vidaregåande skule

| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar |
|------------|-----------------------------------|---------|---------|
| DHDHV1---- | Design og Handverk | 2,0 | 30 |
| DHIUD2---- | Interiør og utstillingsdesign | 1,5 | 18 |
| ELELE1---- | Elektrofag | 2,0 | 24 |
| ELDEL2---- | Data og elektronikk | 1,0 | 12 |
| ELELE2---- | Elenergi | 1,0 | 12 |
| ELAUT2---- | Automatisering | 1,0 | 12 |
| ELDAT3---- | Dataelektronikarfaget | 1,0 | 12 |
| ELAUT3---- | Automatiseringsfaget | 1,0 | 12 |
| PBPBY3---- | Påbygg til generell studiekomp. | 1,0 | 27 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 2,0 | 24 |
| TPIMS2M--- | Industriell møbelproduksjon LAD | 0,5 | 6 |
| TPPIN2---- | Industriteknologi | 1,0 | 12 |
| Totalt | | 21,0 | 381 |

k) Stryn vidaregåande skule

| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar |
|------------|----------------------------|---------|---------|
| BABAT1---- | Bygg- og anleggsteknikk | 1,0 | 12 |
| BABYG2---- | Byggteknikk | 1,0 | 18 |
| HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 1,0 | 15 |
| HSHEA2---- | Helsearbeidarfag | 1,0 | 15 |
| SSSSA1---- | Service og samferdsel | 1,0 | 15 |
| SSSSS2---- | Sal, service og sikkerheit | 0,5 | 6 |
| SSRLV2---- | Reiseliv | 0,5 | 6 |
| SSTR2---- | Transport og logistikk | 1,0 | 15 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 |
| Totalt | | 13,0 | 282 |

2. International Baccalaureate (IB) vert vidareført i fylket gjennom kjøp av inntil to plassar per år ved UWC i Flekke. Ordninga vert evaluert etter skuleåret 2018-19 når ein kan sjå konsekvensane av lovendringa om friare skuleval.

3. Ved Måløy vidaregåande skule vert YSK tilbodet avgrensa til å gjelde vg2 helsearbeidarfag, vg2 industriteknologi og vg2 akvakultur med samla inntil 12 elevplassar innanfor ein grupperessurs per årssteg. Elevar som allereie har starta på eit YSK-tilbod i andre programområde får høve til å fullføre. Ved Mo og Øyrane vidaregåande gjeld YSK tilbodet vg2 sal, service og sikkerheit med inntil 12 elevplassar.

Vedlegg:

Vedlegg 1 Avgangselevar frå grunnskulen per kommune og region.

Vedlegg 2 Fagopplæringsnemnda, sak 12/16- saksutgreiing

Vedlegg 3 fagopplæringsnemnda møtebok

Vedlegg 4 Innspel frå dei vidaregåande skulane

Vedlegg 5 Innspel frå Stryn Næringssamskipnad

SAKSFRAMSTILLING

Samandrag

Fylkesdirektøren legg i denne saka fram tilråding til opplæringstilbod for skuleåret 2017-18.

Del 1 er kort om bakgrunn for saka med informasjon om gruppe, plass- og elevtal ved våre vidaregåande skular inneverande skuleår

Del 2 omtaler dei økonomiske føresetnadene som ligg til grunn for framlegget, lovendring om friare skuleval og forventa søkjargrunnlag til vidaregåande skule med rett til eit tilbod.

Finansutvalet gjorde i møte 28.9.16 (Sak 4/16) vedtak som fører til at den økonomiske ramma for opplæringstilbodet skuleåret 2017-18 vert vidareført på same nivå som for inneverande skuleår.

I del 3 er fagopplæringsnemnda (FON) sitt vedtak referert, det same er oppsummering av arbeidet med formidling til lærekontrakt/opplæringskontrakt, begge henta frå saksutgreiinga til møtet i FON. Saksutgreiinga og vedtaket i FON er vedlegg 2 og 3. Her ligg og oppsummering av opplæringskontora sine innspel til fagopplæringsnemnda. Opplæringskontora, einskildbedrifter og fagopplæringsnemnda gir viktige innspel i høve arbeidskraftbehova i dei yrkesfagelege retningane. Erfaringane med formidling av lærlingar/ lærekandidatar er og med på å gje grunnlag for framlegg om endringar. Dei vidaregåande skulane sine innspel er vedlegg 4.

Del 4 er fylkesdirektøren sitt framlegg til endringar av opplæringstilbodet for skuleåret 2017-18, presentert per utdanningsprogram. Endringane er i høve tilbodet som er sett i gang for inneverande skuleår.

I del 5 er konsekvensar for personalet omtala.

Del 6 er oppsummering og presentasjon av framlegg til tilbod ved kvar vidaregåande skule.

1. Bakgrunn for saka

Saka gjeld framlegg til opplæringstilbod ved dei vidaregåande skulane skuleåret 2017-18. Det vedtekte tilbodet vert lyst ut med søknadsfrist 1. februar for søkjarar med fortrinnsrett og søkjarar som kan ha rett til spesialundervisning. For andre søkjarar er fristen 1. mars. Etter søknadsfristen vil ein, så godt som råd er, tilpasse tilbodet ved skulane til søkinga. Justering av opplæringstilbodet vert handsama i HO i mars 2017.

Tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring etter Kunnskapsløftet inneheld 13 utdanningsprogram, fem studieførebuande og åtte yrkesfaglege utdanningsprogram. Frå hausten 2016 kom to endringar i tilbodsstrukturen. Utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon er endra frå eit yrkesfagleg til eit 3-årig studieførebuande utdanningsprogram. I tillegg er kunst, arkitektur og design nytt studieførebuande utdanningsprogram, medan studieførebuande med formgjeving er gått ut.

For meir informasjon om tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring, sjå [Vilbli.no](http://vilbli.no)

Som bakgrunnsinformasjon er vist samla oversikt over plassar og inntekne ved våre vidaregåande skular skuleåret 2016-17. Data er frå 14.9.16

Tabell 1

| Skolnavn | tilbod sett i gang 2016-17 | | Inntekne elevar etter rettstype | | | Totalt inntekne | Ledige pl |
|----------------------------|----------------------------|-------------|---------------------------------|------------|------------|-----------------|------------|
| | Klasser | Plasser | U-rett | V +F- rett | I- rett | | |
| Dale vidaregåande skule | 7 | 172 | 156 | 0 | 6 | 162 | 10 |
| Eid vidaregåande skule | 20 | 380 | 371 | 1 | 5 | 377 | 3 |
| Firda vidaregåande skule | 12 | 325 | 296 | 0 | 3 | 299 | 26 |
| Flora vidaregåande skule | 28 | 556 | 513 | 0 | 33 | 546 | 10 |
| Hafstad vidaregåande skule | 18 | 529 | 464 | 1 | 6 | 471 | 58 |
| Høyanger vidaregåande sku | 8 | 154 | 140 | 1 | 1 | 142 | 12 |
| Mo og Øyrane vidaregåande | 38 | 482 | 445 | 10 | 32 | 487 | - 5 |
| Måløy vidaregåande skule | 20 | 320 | 321 | 0 | 4 | 325 | - 5 |
| Sogndal vidaregåande skule | 44 | 807 | 743 | 0 | 8 | 751 | 56 |
| Stryn vidaregåande skule | 13 | 283 | 256 | 0 | 8 | 264 | 19 |
| Årdal vidaregåande skule | 12 | 224 | 185 | 0 | 8 | 193 | 31 |
| Totalt | 220 | 4232 | 3890 | 13 | 114 | 4017 | 215 |

U-rett betyr ungdomsrett, og er den søkjargruppa fylkeskommunen har ansvar for å gje eit opplæringstilbod. F-rett betyr fullføringsrett, og er ein rett søkjaren får eitt år, dersom han er innteken utan rett året før. V-rett betyr vaksenrett, på grunnlag av alder, dvs. over 24 år. I-rett er søkjarar utan nokon rettar til vidaregåande opplæring.

Til samanlikning var totaltala for 2015-16:

| | Klasser | Plasser | U-rett | V +F- rett | I- rett | Totalt inntekne | Ledige pl |
|----------------------------------|---------|---------|--------|------------|---------|-----------------|-----------|
| Skuleåret 2015-16 | 226 | 4293 | 3885 | 33 | 149 | 4067 | 217 |
| Differanse mellom 16-17 og 15-16 | -6 | -61 | 5 | -20 | -35 | -50 | -2 |

Resultatet av ein nedgang på seks grupper syner 61 færre plassar i det samla plasstalet. Når reduksjonen av skuleplassar ikkje er større, skuldast det at plasstalet i ein del av gruppene som er sette i gang er auka. Plasstalet vert auka når elevar med rett til spesialundervisning ikkje skal ha opplæringa i ordinære grupper, men i eigne opplegg. I tillegg må fylkesdirektøren ofte be ulike skular om å auke plasstalet i inntaka for å kunne gje eit skuletilbod til alle med ungdomsrett.

Per 14.9. var det teke inn om lag like mange med ungdomsrett som året før. Det er tal elevar utan rett som i mindre grad har fått tilbod om plass. Tal ledige plassar var også om lag som året før.

2. Føresetnader

2.1 Økonomisk ramme

Den tidlegare vedtekne økonomiske ramma for opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018 svarde til eit gruppetal på 214. Dette er 6 grupper færre enn skuleåret 2016-2017. I tillegg kjem ei gruppe øymerkt opplæringstilbod til elevar med rett til påbygging etter oppnådd fagbrev.

Finansutvalet gjorde slikt vedtak i møte 28.9.16. (Sak 4/16):

Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert auka med 3,8 mill. kr i 2017 og med 4,6 mill. kr i 2018. Dette fører til at den økonomiske ramma for opplæringstilbodet skuleåret 2017/2018 vert vidareført på same nivå som for inneverande skuleår.

Skuleåret 2016-17 er det sett i gang i alt 220 grupper. Konsekvensen av finansutvalet sitt vedtak er at grupperamma for skuleåret 2017-18 er auka til same nivå, 220 grupper.

På bakgrunn av skulebruksplanvedtaket er det fylkesdirektøren si vurdering at avsett grupperessurs til opplæringstilbod til elevar med rett til påbygging etter oppnådd fagbrev (vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter fag og yrkeskompetanse) ikkje kan nyttast til å auke gruppetalet i det ordinære tilbodet til 221 grupper.

2.2 Friare skuleval mellom fylka

Stortinget vedtok ny lov om endringar i opplæringslova (Friare skuleval over fylkesgrenser, praksisbrevordninga m.m.) LOV-2016-06-17-67), gjeldande frå 01.08.2016. Dette inneber at fylkeskommunane frå skuleåret 2017-2018 har plikt til å handsame søknader frå andre fylke, ved ledig kapasitet.

Fylkeskommunane tolkar lovendringa slik at dei kan syte for sine egne søkjarar, både med og utan rett, før dei vurderer om det er kapasitet til å ta inn gjesteelevar.

Når ein vil begynne å ta inn gjesteelevar vil variere både med praksis i dei ulike fylkeskommunane og med pågangen til dei ulike tilboda, men i dei aller fleste tilfelle vil inntak av gjesteelever først vere aktuelt i eller etter andre inntaket.

På grunnlag av tilbakemeldingar frå alle fylkeskommunane vert det samla ikkje lagt til rette for auka inntak av gjesteelevar. Til våre søkjarar må vi formidle klar melding om at det ikkje ser ut til å bli enklare å få skuleplass i Bergen eller Oslo, som er eit ønske for mange.

Dei fleste fylkeskommunane har grenseavtalar med nabofylka, avtalar som regulerer inntak av søkjarar som har kortare veg til vidaregåande skule i eit nabofylke. Vår avtale med Hordaland fylkeskommune, Hordalandsavtalen, er ein slik grenseavtale. Fylkeskommunane tolkar lovendringa slik at den gjev rom for å vidareføre gjeldande avtalar. Dette betyr at Hordalandsavtalen vert vidareført.

For vurderingar om kring kostnadane ved lovendringa syner fylkesdirektøren til notatet som vart lagt fram for HO i møte 31.8.16 under skriv til orientering, punkt 2, HO-sak 26/16 Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 – sektorbudsjett opplæring, punkt 4.1, og arbeidsdokument 4/16, punkt 7.3, frå fylkesrådmannen til finansutvalet. I arbeidsdokumentet konkluderer fylkesrådmannen slik:

Utifrå punkta over ser fylkesrådmannen at det sannsynlegvis vil kome auka utgifter knytt til opplæringssektoren i økonomiplanen, men førebels er det uvisse knytt til føresetnadane – mellom anna søkartalet. Fylkesrådmannen legg til grunn at opplæringssektoren så langt som mogleg må løyse dei økonomiske utfordringane innanfor dei økonomiske rammene for sektoren. Ev. behov for budsjettendringar vert å kome attende til.

2.3 Elevgrunnlaget

Elevtalet frå grunnskulen er grunnlag for forventta elevtal i vg1, og tilsvarande har ein nytta elevtal i vg1 som grunnlag for dimensjonering på vg2. I tillegg til elevane i grunnskulen har vi om lag 50 elevar i 4 grupper eksamensretta grunnskuleutdanningar for minoritetsspråklege (Stryn, Eid, Førde og Flora) og 1 innføringsgruppe for minoritetsspråklege (Sogndal) Desse er med i forventta elevgrunnlag, men ein reknar ikkje med at alle vi bli klare for vidaregåande opplæring frå neste haust. Vedlegg 1 syner avgangselevar per kommune og region.

I saka om opplæringstilbodet for skuleåret 2016-17 la fylkesdirektøren fram eit forslag som innebar netto 11 grupper reduksjon frå 2015-16. Av desse var 4 på vg1 nivå. Forventing om færre søkjarar, lågare omvalstal og større fråtrekk av plassar for søkjarar frå Sogn og Fjordane som ikkje søkte våre skular låg til grunn for desse vurderingane. Som kjent vart søkinga ikkje i samsvar med forventingane, og i justeringa av opplæringstilbodet vart ramma auka med 6 grupper totalt, der ei gruppe til disposisjon ikkje vart nytta.

Tal avgangselevar frå grunnskulen våren 2017 er 1451, mot 1475 våren 2016, ein nedgang på 24. Det samla elevtalet med ungdomsrett, per 14.9. var 3890 mot 3885 i fjor. Sidan elevtalsgrunnlaget for 2017-18 ser ut til å vere likt med 2016-17, legg fylkesdirektøren til grunn same forventta omvalstal og same fråtrekk av plassar for søkjarar frå Sogn og Fjordane som ikkje søkjer våre skular.

I tilrådinga er det to grupper færre på vg1 enn sette i gang i år, men plasstalet i gruppene samsvarar med forventta søkjartal ut frå dei føresetnadane som er lagt til grunn over, med omsyn til omval og fråtrekk for søkjarar ein ikkje forventar søkjer til våre skular.

Fylkesdirektøren nyttar tal inntekne elevar med ungdomsrett som grunnlag for vidareføring til vg2 og vg3 neste år. Denne ordninga vart innført frå og med 2013-14. Inntekne vi ikkje har plikt til å vidareføre til neste nivå er ikkje med i dimensjoneringsgrunnlaget, men dei får tilbod ved ledig plass. Tabell 1 syner at over 100 søkjarar utan rett har fått plass inneverande skuleår. Inntaksrekkefølga er ungdomsrett, fullføringsrett, vaksenrett og til slutt ikkje-rett.

Over tid har plasstalet i ein del av gruppene endra seg, men i dei fleste høve er det auka. Fylkesdirektøren har i arbeidet no justert alle plasstala tilbake til 12/15 eller 24/30, med nokre få unntak der fysisk plass i rom er årsaken.

Plasstalet i enkelte grupper kan bli endra som ein konsekvens av organiseringa av spesialundervisninga ved skulane.

| Vg2 | | Utløst tilbod 2016-2017 | | Igangsett tilbod 2016-2017 | | Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod 2017- 2018 | | Inntekne vg1 16-17 med rett til vidareføring i vg2 17-18 |
|-------------------|--|----------------------------|---------|-------------------------------|---------|--|---------|---|
| | | Plassar | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar | Grupper | |
| Utd.prog | | | | | | | | |
| Totalt BA | | 126 | 10,0 | 126 | 10,0 | 150,0 | 12,0 | 159 |
| Totalt DH | | 18 | 1,5 | 18 | 1,5 | 30,0 | 2,5 | 31 |
| Totalt EL | | 134 | 11 | 147 | 12,0 | 132,0 | 11,0 | 129 |
| Totalt HS | | 181 | 12,5 | 165 | 11,5 | 181,0 | 12,5 | 164 |
| Totalt ID | | 90 | 3 | 90 | 3,0 | 90,0 | 3,0 | 86 |
| Totalt MD | | 48 | 2 | 48 | 2,0 | 48,0 | 2,0 | 51 |
| Totalt .KD | | 0 | 0 | 0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 20 |
| Totalt MK | | 30 | 2 | 30 | 2,0 | 60,0 | 2,0 | 54 |
| Totalt NA | | 36 | 3 | 36 | 3,0 | 36,0 | 3,0 | 45 |
| Totalt RM | | 37 | 3 | 28 | 2,0 | 36,0 | 3,0 | 45 |
| Totalt SS | | 111 | 8 | 112 | 8,0 | 125,0 | 9,0 | 68 |
| Totalt ST | | 588 | 20 | 588 | 20,0 | 528,0 | 18,0 | 531 |
| Totalt TP | | 174 | 14 | 187 | 15,0 | 156,0 | 13,5 | 184 |
| Totalsum | | 1573 | 90 | 1575 | 90,0 | 1572,0 | 91,5 | 1567 |

Tabell 2 Kapasiteten på vg2 nivå i framlegget frå fylkesdirektøren, med inntekne på vg1 inneverande år som har rett til vidareføring 2017-18.

Tabellen syner at for utdanningsprogramma samla er kapasiteten i framlegget til utløst tilbod akseptabel, når ein tek omsyn til omval etter vg1.

Tabellen syner litt knapp kapasitet i utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon, men mange av elevane frå vg1 teknikk og industriell produksjon går etter erfaring til vg2 transport og logistikk i utdanningsprogrammet service og samferdsel. Kapasiteten i desse to utdanningsprogramma må difor sjåast under eitt, og med 281 plassar til 252 inntekne på vg1 kan det tyde på overkapasitet. Med så mange grupper er det krevjande å treffe heilt eksakt.

For dei andre utdanningsprogramma er tilbodet stramt, men plasstalet på vg2 er etter fylkesdirektøren si vurdering akseptabelt ut frå føresetnadane som er lagt til grunn for opplæringstilbodet.

2.4 Endringar i tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring

Utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon er gjort om til eit tre-årig studieførebuande utdanningsprogram. Dei første elevane starta på vg1 hausten 2016.

Skuleåra 2014-15 og 2015-16 hadde Firda vgs og Hafstad vgs ei tilleggsøyving på 5 t/v for å gje elevane frå vg2 medium og kommunikasjon høve til å få vitnemål frå vg3 medium og kommunikasjon, i staden for vitnemål frå vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Skuleåret 2016-17 gjeld tilleggsøyvinga berre Hafstad vidaregåande skule, då medium og kommunikasjon ikkje lenge er tilbod ved Firda vidaregåande skule. Grunngevinga for overgangsordninga var at elevane hadde starta vg1 før vedtaket i skulebruksplanen var gjort.

Fylkesdirektøren rår til at overgangsordninga med 5 t/v tilleggstimar vert vidareført ved Hafstad vidaregåande skule for skuleåret 2017-2018. Frå skuleåret 2018-19 vil vg3 medium og kommunikasjon vere 3. året i det studieførebuande utdanningsprogrammet, og tilbodet må vere dimensjonert ut frå talet elevar i vg2.

3. Innspel knytt til yrkesfag og opplæring i bedrift,

3.1 Fagopplæringsnemnda sine innspel

Fagopplæringsnemnda handsama innspel til opplæringstilbodet i møte 01.11.16, sak 12/16. Nemnda gjorde slikt samrøystes vedtak:

Fagopplæringsnemnda vurderer dimensjoneringa av det samla opplæringstilbodet i fylket for skuleåret 2017 - 18. Tilbod på einiskildskular vert såleis ikkje vurdert og kommentert. For fylkesdekkande tilboda vurderer vi nokre av tilboda.

1. Dimensjonering

Ved dimensjonering av dei utlyste tilboda er det særskilt viktig å sjå på behova for faglært arbeidskraft i næringslivet og tilgangen på læreplassar. Dette må vektleggast framfor elevane sin ynskje. Innspela frå nærings- og arbeidslivet, opplæringskontora mm viser at det er bra samsvar mellom behova i næringslivet, tilboda i dei vidaregåande skulane og tilgangen på læreplassar. Fagopplæringsnemnda vil peike på følgjande vedkomande utlysing og dimensjonering av utdanningstilbodet for 2017 - 2018:

Bygg - og anleggsteknikk: Vert lyst ut i samsvar med igangsett tilbod 2016 - 17. Behovet innan byggfaga er større enn innan anleggsteknikk. Det er færre læreplassar innan anleggs-, fjell og bergverksfaga.

Transport - og logistikk: Innspel frå opplæringskontora og næringslivet seier det er behov for tre grupper i fylket. Det er god tilgang på læreplassar. Søkjartalet for 2016/17 visste at det ikkje søkjar til meir enn 2 grupper. Det vert tilrådd å lyse ut med tre gruppe.

Elektrofag: Ingen endringar i utlysinga for skuleåret 16/17. Tilbodet vert lyst ut med 6 grupper elenergi og 2 grupper automasjon. Det har vore problem å skaffe nok læreplassar i elektrikarfaget

Teknikk og industriell produksjon: Ingen endringar i utlysing av tal grupper, Det er utfordringar med å skaffe nok læreplassar i bilfag og industrimekanikarfag, samstundes som det er ledige læreplassar nokon stader i fylket.

Helse - og oppvekstfag: Ingen endringar i tal utlyste gruppe. Fleire kommunar har engasjert seg for å tilsette fleire lærlingar. Ved seinare utlysingar må vi vere særskilt oppmerksom på dette.

Restaurant - og matfag: Ingen endringar i tal grupper. Det har vore svak søknad til dette faget dei

siste åra.

Maritime fag: Ingen endringar i tal grupper.

Dei fylkesdekkande tilboda må lysast ut med same tal grupper som for skuleåret 2016 - 2017. Vi vil likevel understreke at det er viktig at tilbodet innan vg2 industriell møbelproduksjon vert lyst ut med ei heil gruppe.

2. Mobilitet

Ein læreplass er å sjå på som eit ordinært arbeid. Å ta til i lære er for mange den første ordinære arbeidsplassen. Det er difor viktig å ha mobilitet i å takke og takke ja til læreplass sjølv om ein må flytte på seg. I tettstadane i fylket har det dei siste åra vore mangel på læreplassar, mens i kommunar og verksemder som ligg i meir grøntde strøk, har mange læreplassar stått ledige. Det er difor viktig at søkjarane til læreplassar viser større mobilitet enn i dag. Dette må dei folkevalde, skulane, opplæringskontora, administrasjonen, heimane og partane i arbeidslivet vere tydelege på.

3. Marknadsføring av tilbod

Fleire av tilboda rundt i fylket slit med å få nok søkjarar til fylla opp dei utlyste gruppene. Døme på dette er vg2 bilskade, lakk og karosseri, kjemi - og prosessfag, frisørfag, matfag osv. Det er viktig at skulane, opplæringskontora og næringslivet brukar ressursar til gjere dei ulike tilboda betre kjende for elevane. Meir aktiv profilering og marknadsføring er difor viktig. Denne marknadsføringa må også kunne gjennomførast utfor den kommunen eller regionen der tilbodet/skulen er lokalisert. Ikkje alle skular kan ha alle tilbod. Elevane må kunne flytte seg for å få det tilbodet ein primært ynskjer. Elevane må få betre og meir informasjon gjennom faget utdanningsval.

4. Framsnakking av yrkesfaga

Nærings - og arbeidslivet i fylket og landet vårt etterspør meir faglært arbeidskraft innanfor ei rekkje bransjar. Ofte vert det sagt at mangel på faglært arbeidskraft er hovudgrunnen til bedriftene ikkje kan vekse eller ta nye opp drag. I nokre bransjar er det stor "import" av arbeidskraft frå utlandet. Det er difor viktig å profilere og framsnakke yrkesfaga betre enn det vi gjer i dag. Denne informasjonen må starte i barnehagen og heimen. Og den må sjølvsgt halde fram i grunnskule n mm. Elevane må få betre og meir målretta informasjon om behova i det lokale næringslivet for faglært arbeidskraft.

5. Samarbeid mellom dei vidaregåande skulane

Sogn og Fjordane har etter politiske vedtak ein desentralisert struktur på den vidaregåande skulen. Sidan skulane er relativt små, kan ikkje dei ulike skulane ha alle tilbod innan yrkesfaga. Difor må skulane spesialisere seg på nokre fagområde. Elevgrunnlaget tilseier også at det ikkje er mogeleg å utvikle svært mange tilbod på dei ulike skulane. Difor er det viktig at dei vidaregåande skulane samarbeider så mykje som mogleg. Dette er særleg viktig innan yrkesfaga. Ved å vidareutvikle samarbeidet mellom skular og arbeids - og næringsliv og samstundes utnytte moglegheitene i kryssløp, vil det bidra til å sikre arbeidslivet tilgang på kvalifiser t arbeidskraft. Samarbeidet må skje både innan undervisning og mellom dei ulike fagområda ved skulane. Samarbeidet mellom vg2 helsefag ved Stryn vidaregåande skule og elektrofag ved Eid vidaregåande skule om velferdsteknologi har fått nasjonal merksemd og er eit svært godt eksempel i vellukka samarbeid. Denne typen samarbeid må utviklast mellom fleire av skulane i fylke. Dette vil styrke fagmiljøa ved dei skulane og vere med på gjere skulane til betr e regionale utviklingsaktørar. Det er i dag stor konkurranse på ulike nivå mellom skulane. Av og til kan dette gje uheldige og utilsikta utslag. Det må difor arbeidast aktivt for å oppnå ein endå betre samarbeidskultur mellom dei ulike skulane.

Innspela frå opplæringskontora er summerte opp i FON-sak 12/16 som er vedlegg 2

Fylkesdirektøren sine vurderingar:

Fylkesdirektøren konstaterer at fagopplæringsnemnda er svært oppteken av behova for faglært arbeidskraft i næringslivet, og at nemnda meiner at desse behova må vektleggast framfor elevane sine ønske. På vg1-nivå har søkjarane rett på inntak til eitt av tre valde utdanningsprogram. Fylkesdirektøren kan ikkje overstyre vala til søkjarane.. Fylkesdirektøren viser til den tette dialogen det har vore med opplæringskontora og fagopplæringsnemnda dei seinare åra for nettopp å tilpasse tilbodsstrukturen til behova for fagarbeidarar. Justering av kapasiteten på vg1-nivå og tilpassingar mellom programområde på vg2 har i stor grad vore gjort på grunnlag av slik dialog.

Til vedtakspunkta om mobilitet, marknadsføring og «framsnacking» av yrkesfaga ser fylkesdirektøren at alle partar har same interessa av å lukkast med dette. Vår erfaring er at dei vidaregåande skulane bruker tid med elevane på problemstillingar knytte til kravet om mobilitet i arbeidslivet.

Innspela om kapasitet og endringar i utdanningsprogram/programområde er del av fylkesdirektøren sitt avgjerdsgrunnlag og vert omtala der ein finn det naturleg.

3.2 Oppsummering av arbeidet med formidling til lærekontrakt/opplæringskontrakt

I sak12/16 til fagopplæringsnemnda om opplæringstilbodet for 2017-18 vart erfaringane med formidlingsarbeidet summert opp slikt:

«30. august stod det att 56 søkjarar med ungdomsrett utan lære plass, dette er ein nedgang frå året før på 35. Dei næraste vekene etter dette fekk mange av søkjarane eit tilbod, men i ein del lærefag har det vore vanskeleg å få lære plass til alle.

Ved skulestart vart søkjarane utan lære plass kalla inn til informasjonsmøte ved avgjevarskulen. Møte omhandla vg3-tilbod i skule og samtale med arbeidslivskontakten.

I år, som tidlegare år, er tilgangen til lære plassar i bilfaga, elektrikarfaget og industrimekanikarfaget ikkje tilstrekkeleg i forhold til tal søkjar. Nytt i år er at det i anleggs- og fjell- og bergverksfaga står att fleire utan lære plass. Per 1. september sto det at 30 søkjarar til lære plass i desse faga (9 i bilfaget, 10 i elektrikarfaget, 4 i industrimekanikarfaget og 7 i fjell- og bergverksfaga).

Søkjar til lære plass med ungdomsrett har rett på eit tilbod. Dei som ikkje får tilbod om lære plass i bedrift har rett på alternativ opplæring, vg3 i skule. Fylkeskommunane samarbeider om slike tilbod for at flest mogeleg kan gjera seg nytte av tilboda som vert sett i gang.

Sogn og Fjordane fylkeskommune opprettar i år vg3-tilbod i industrifaga, elektrofaga, bilfaga og i enkeltfaga. I enkeltfaga blir det individuelle opplegg for elvane der dei har store delar av opplæringa ute i bedrift.

3.3 Innspel frå dei vidaregåande skulane

Rektorane vart i brev datert 16.9. inviterte til å kome med innspel til neste års opplæringstilbod. Det vart presisert at:

Framlegg til ev nye eller endra tilbod må henge i hop med framlegg til tilsvarande reduksjonar. Det er framleis stor merksemd knytt til formidling til lære plassar og vi ber om at de særskilt gjer vurderingar knytt til programområde der det har vore utfordringar med tilgjengelege lære plassar.

Fylkesdirektøren ser at rektorane ikkje fullt ut har svart på bestillinga, då det samla framlegget til grupper for neste år ville gje ein netto auke på 13 grupper. Fylkesdirektøren har vurdert alle framlegga i arbeidet med tilrådinga, men har ikkje omtala desse særskilt, sidan dei ville krevje eit gruppetal langt utover vedteken ramme. Innspela frå skulane finn ein i vedlegg 4.

4. Fylkesdirektøren sitt samla framlegg til endringar av opplæringstilbodet.

Fylkesdirektøren si vurdering er at finansutvalet sitt vedtak om ei gruppetalsramme for skuleåret 2017-18 på 220 grupper vil gje plass til alle rettssøkjarane. I tillegg syner ein til dei øyremerkte midlane til ei gruppe vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse.

Alle fylka har til ei kvar tid ein større «pool» av søkjarar med ungdomsrett enn dei som søker. All ungdom som går ut av grunnskulen har rett på tre år vidaregåande opplæring i løpet av fem år. Dette er ein av faktorane som gjer at vi aldri med sikkerheit veit kor mange som søker. I tillegg er søkjarane sin bruk av rett til omval eitt av momenta som gjev uvisse. Som nemnt tidlegare er vi usikre på konsekvensane av retten til friare skuleval mellom fylka. Dersom lovendinga syner seg å påverke det nasjonale søkjarmønsteret, seier erfaringane oss at straumen søkjarar ut av fylket vil vere større enn straumen av søkjarar inn til fylket.

Når søkjartala er kjende 2.mars vert tilbodet tilpassa søkinga så godt som råd er.

Framlegget til endringar i opplæringstilbodet er presentert per utdanningsprogram, og endringane er ut frå tilbod som er sette i gang 2016-17. Alle tilbod som ligg i skulebruksplanen og som ikkje vart lyste ut for 2016-17, og tilbod som i vedtak om justering av opplæringstilbodet for 2016-17 ikkje vart sette i gang, er vurderte i arbeidet med denne saka. Dette er i samsvar med punkt 3 i HO-sak 27/15 og punkt 5 i HO-sak 9/16.

Utdanningsprogramma studiespesialisering, studiespesialisering med formgjevingsfag og kunst, design og arkitektur

Inneverande skuleår er det sett i gang 18 grupper på vg1. I lys av berre liten nedgang i tal avgangselevar frå grunnskulen, og erfaringar med at ein liten del av omvala går til studiespesialisering, er det fylkesdirektøren si vurdering at 18 grupper vil vere rett gruppetal å lyse ut for 2017-18.

På vg2 er det sett i gang 19 grupper inneverande år. Med 18 grupper på vg1 i år betyr det ein reduksjon på ei gruppe for 2017-18. På vg3 er det sett i gang 21 grupper inneverande år, og med 20 grupper vg2 i år gjev det behov for 20 grupper vg3 skuleåret 2017-18.

Studiespesialisering med formgjevingsfag vert fasa ut på vg2 nivå. Elevane i det nye utdanningsprogrammet kunst, design og arkitektur skal over i vg2 kunst, design og arkitektur skuleåret 2017-18. Rekrutteringa til vg1 kunst, design og arkitektur var lågare enn forventa, og det vart teke inn 20 elevar med rett til 30 elevplassar.

Fylkesdirektøren si tilråding i studiespesialisering:

- Vg2 studiespesialisering ved Sogndal vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg3 studiespesialisering ved Flora vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg2 kunst, design og arkitektur ved Hafstad vidaregåande skule vert lyst ut med ei gruppe
- Vg2 studiespesialisering med formgjevingsfag ved Hafstad vidaregåande skule vert ikkje lyst ut

Utdanningsprogramma idrettsfag, musikk, dans og drama og medium og kommunikasjon.

Søkinga og kapasiteten på idrettsfag ser no ut til å vere godt avstemt, der tre skular, Sogndal, Flora og Firda, har ei gruppe per trinn kvar. Etter søknadsfristen 1.mars var det 91 primærsøklarar med rett til 90 plassar på vg1, og per 14.9. var det teke inn 86 elevar med rett.

I utdanningsprogrammet musikk, dans og drama har det vore svak søking til dans og drama dei seinare åra. I år såg ein betydeleg auke i søkinga, noko som resulterte i vesentleg auke i inntakspoeng til vg1. Til vg1 dans og drama var det høvesvis 17 og 18 primærsøklarar med rett. Per 14.9. var det teke inn 13 elevar med rett til begge programområda.

Medium og kommunikasjon vart frå hausten 2016 eit treårig studieførebuande utdanningsløp med 30 elevplassar i gruppene. Tilbodet er ved Sogndal og Hafstad vidaregåande skular. Etter søknadsfristen var det til vg1 samla 32 primærsøklarar med rett til dei 60 plassane, og per 14.9. var det 27 elevar ved begge skulane. Søkinga til utdanningsprogrammet har gått vesentleg ned dei siste åra. Dette er ein nasjonal trend, og fylkesdirektøren vil følgje utviklinga i søkinga.

Fylkesdirektøren har ingen framlegg til endringar i opplæringstilboda i idrettsfag, musikk, dans og drama og medium og kommunikasjon.

Utdanningsprogrammet bygg- og anleggsteknikk

Opplæringskontoret for bygg og anleggsteknikk meiner at strukturen på vg1 er rett dimensjonert med 14 grupper som inneverande år. I justeringa av opplæringstilbodet for 2016-17 vart gruppetalet auka til fem grupper både ved Sogndal og Mo og Øyrane vidaregåande skular. Kapasitetsauken innanfor bygg- og anleggsteknikk vart gjennomført både fordi næringane melde

om behov for fleire lærlingar og for å vri inntaket noko vekk frå fag innanfor teknikk og industriell produksjon, der læreplasssituasjonen ikkje har vore i samsvar med søkinga dei seinare åra.

Elevtalet frå grunnskulane som tradisjonelt søkjer til Mo og Øyrane vgs går ned med om lag 30 i forhold til i fjor, og ut frå ønske om best mogeleg tilpassing til elevtalsgrunnlaget gjer fylkesdirektøren framlegg om å redusere med ei gruppe vg1 bygg- og anleggsteknikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule.

Programområdet vg2 anleggsteknikk vart auka frå to til tre grupper i fylket i justeringa av opplæringstilbodet for 2016-17. Våren 2016 gjekk det ut to grupper, men det står att søkjarar tilsvarende om lag ½ gruppe som ikkje har fått læreplass. Per 1.september var det 7 søkjarar til lærefag i vifta ut frå anleggsteknikk utan tilbod om opplæring i bedrift. Våren 2017 vil det gå 36 elevar ut frå dei tre gruppene. Fylkesdirektøren meiner difor at det kan vere fornuftig å ta den samla kapasiteten ned frå 36 til 24 plassar for 2017-18, og heller vurdere situasjonen på ny i opplæringstilbodet for 2018-19. Fylkesdirektøren rår til at vg2 anleggsteknikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe.

Byggbransjen melder om behov for fleire lærlingar i faga som går ut frå vg2 byggteknikk. Både i fjor og i år er alle søkjarane til opplæring i bedrift i byggfaga formidla ut. Sidan fylkesdirektøren gjer framlegg om å ta ned kapasiteten på vg2 anleggsteknikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule rår fylkesdirektøren til å auke kapasiteten i vg2 byggfag med ei gruppe på skulen.

Ved Sogndal vidaregåande skule er det i år 58 elevar på vg1 bygg- og anleggsteknikk, noko som gjev behov for auka kapasitet på vg2-nivå. Fylkesdirektøren gjer framlegg om at vg2 byggfag vert auka med to grupper ved Sogndal vidaregåande skule.

Programområdet vg2 klima, energi og miljøteknikk har over fleire år hatt svak søking. Inneverande år er tilbodet, pga. søkinga, ikkje sett i gang i Sogndal, berre i Flora. Skuleåret 2015-16 var tilbodet i gang ved begge skulane, men med 6 elevar i Sogndal og 8 i Flora. (Tal per sept.15.)

I år har Flora vidaregåande skule 16 elevar i to grupper på vg1 bygg- og anleggsteknikk, og Sogndal har 58 elevar i 5 grupper. Ut frå rekrutteringsvanskane dei seinare åra er det fylkesdirektøren si vurdering at det er større sjanse for å rekruttere søkjarar til vg2 klima, energi og miljøteknikk ved Sogndal enn ved Flora vidaregåande skule. Ein rår difor til at vg2 klima, energi og miljøteknikk vert lyst ut ved Sogndal vidaregåande skule, og ikkje lyst ut ved Flora vidaregåande skule.

Fylkesdirektøren si tilråding i bygg- og anleggsteknikk :

- Vg1 bygg- og anleggsteknikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg2 byggfag Mo og Øyrane vidaregåande skule vert auka med ei gruppe
- Vg2 anleggsteknikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg2 byggfag ved Sogndal vidaregåande skule vert auka med ei gruppe
- Vg2 klima, energi og miljøteknikk ved Sogndal vidaregåande skule vert lyst ut med ei gruppe
- Vg2 klima, energi og miljøteknikk ved Flora vidaregåande skule vert ikkje lyst ut

Utdanningsprogrammet design og handverk

Inneverande år er det 31 elevar på vg1 design og handverk ved Eid vidaregåande skule. Det er 10 fleire enn skuleåret 2015-16.

For å tilpasse kapasiteten på vg2 foreslår fylkesdirektøren at vg2 interiør og utstillingsdesign vert auka med ei gruppe til 1,5 gruppe. Vg2 frisør ved Høyanger vidaregåande skule vert lyst ut med ei gruppe som no. Inneverande år er det fire elevar på dette programområdet. Rekrutteringa har gått dramatisk ned. Vurderinga bygger og på den varsla endringa i tilbodsstrukturen, der frisørfaget truleg vert slått saman med andre programområde.

Vg2 industriell møbelproduksjon høyrer til utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon, men det er kryssløp både frå design og handverk og bygg- og anleggsteknikk. Tilbodet er landsdekkande, som betyr at søkjarar frå heile landet konkurrerer på like vilkår. Inneverande år vart tilbodet lyst ut med ei halv gruppe, 6 plassar, i kombinasjon med vg2 interiør- og utstillingdesign. Etter første inntaket såg ein at søkjarar frå andre fylke hadde konkurrert seg inn på dei fleste av plassane. Av erfaring veit ein at relativt få av desse søkjarane tek i mot plassane, så for å sikre at søkjarar frå eige fylke ikkje måtte vente til skulestart før dei fekk tilbod, vart plasstalet auka frå seks til tolv i andre inntaket.

Fylkesdirektøren vil rå til å lyse ut vg2 industriell møbelproduksjon med ei halv gruppe som no, og kome tilbake i justeringssaka når ein ser tal søkjarar frå eige og andre fylke. Programområdet ligg til utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon, men sidan fylkesdirektøren ikkje rår til endringar frå tilbodet som vart lyst ut for 2016-17, omtalar ein ikkje programområdet ein gong til.

Fylkesdirektøren si tilråding i design og handverk:

- Vg2 interiør- og utstillingsdesign ved Eid vidaregåande skule vert auka med ei gruppe

Utdanningsprogrammet elektrofag

Inneverande år er det i gang 10 grupper på vg1 nivå. Opplæringskontoret for elektrofag si vurdering er at det er rett nivå for utdanningsprogrammet.

Fylkesdirektøren rår til ei omfordeling av to grupper i Sunnfjord for tilpassing til elevtalet frå grunnskulen. Grunnskulane i Flora har den største auken av elevar frå i fjor, med 22. Til skuleåret 2016-17 hadde desse skulane ein nedgang frå året før, og gruppetalet på vg1 vart redusert med ei gruppe. Med ein auke våren 2017 tilsvarande om lag reduksjonen våren 2016, meiner fylkesdirektøren at kapasiteten på vg1 bør opp igjen. Tilsvarande har grunnskulane i kommunane som tradisjonelt søker seg til Mo og Øyrane vidaregåande skule ein reduksjon i elevtalet på 37 elevar.

Fylkesdirektøren vil difor rå til at den samla kapasiteten i Sunnfjord ikkje vert endra, men omfordelt med ei gruppe ned ved Mo og Øyrane vidaregåande skule, frå tre til to grupper, og ei gruppe opp ved Flora vidaregåande skule, frå ei til to grupper.

Vg2 elenergi er det programområdet i utdanningsprogrammet med flest grupper og størst søking. Inneverande år er det sju grupper i gang. I oppsummeringa av arbeidet med formidling vert det vist til at det per 1.september stod att 10 søkjarar til elektrikarfaget. Over fleire år har ein ikkje fått formidla ut alle søkjarane til opplæring i bedrift i dette faget.

Opplæringskontoret for elektrofag vurderer at seks grupper vg2 elenergi er rett nivå, og ut frå formidlingssituasjonen er fylkesdirektøren samd i det. Det betyr at vi samla må lyse ut ei gruppe mindre enn for 2016-17.

Ved Flora vidaregåande skule er det inneverande år ei gruppe vg1 elektrofag og to grupper vg2 elenergi. Skulen har ikkje andre programområde i utdanningsprogrammet. Fylkesdirektøren rår til at vg2 elenergi vert redusert med ei gruppe, slik at kapasiteten på vg2 vert tilpassa vg1 i år.

Ved Mo og Øyrane vidaregåande skule er det tre grupper vg1 inneverande år. Skulen har vg2 data- og elektronikk i tillegg til vg2 elenergi. Fylkesdirektøren rår til at vg2 elenergi vert auka frå ein til to grupper, slik at skulen samla har tre grupper vg2 skuleåret 2017-18.

Ved Sogndal vidaregåande skule er det i år to grupper på vg1. Skulen har inneverande år 1 gruppe vg2 data- og elektronikk og to grupper vg2 elenergi. Fylkesdirektøren rår til at vg2 elenergi vert redusert med ei gruppe, slik at kapasiteten på vg2 vert tilpassa vg1 i år.

Vg2 automasjon vart oppretta som nytt tilbod ved Eid vidaregåande skule frå i haust. Automasjon er sokalla avviksfag, med tre år i skule. Vg3 automatiseringsfaget må opprettast frå skuleåret 2017-18.

Fylkesdirektøren si tilråding i elektrofag:

- Vg1 elektrofag ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg2 elenergi ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert auka med ei gruppe
- Vg1 elektrofag ved Flora vidaregåande skule vert auka med ei gruppe
- Vg2 elenergi ved Flora vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg2 elenergi ved Sogndal vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg3 automatiseringsfaget ved Eid vidaregåande skule vert oppretta med ei gruppe

Utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag

På grunn av låge søkjartal vart vg2 helsearbeidarfag ikkje sett i gang ved Dale vidaregåande skule. Det er full gruppe med 15 elevar på vg1 helse- og oppvekstfag i år. Fylkesdirektøren rår difor til at tilbodet vert lyst ut igjen.

Ut over dette har fylkesdirektøren ingen framlegg til endringer, sidan utdanningsprogrammet ser ut til å vere dimensjonert i samsvar med søkinga og tilgangen på læreplassar. Vi ser at mange av elevane frå vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag og vg2 helsearbeidarfag vel vg3 påbygging til generell studiekompetanse i staden for opplæring i bedrift. Det er grunn til å tru at dette, for dei fleste, er eit bevisst val med tanke på studiekompetanse og veg vidare i høgskulesystemet. Skulane med dette utdanningsprogrammet opplyser at dei informerer om retten til vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse som alternativ.

Fylkesdirektøren si tilråding i helse- og oppvekstfag:

- Vg2 helsearbeidarfag ved Dale vidaregåande skule vert lyst ut med ei gruppe

Utdanningsprogrammet restaurant- og matfag

På grunn av låge søkjartal vart vg2 kokk- og servitør ikkje sett i gang ved Sogndal vidaregåande skule inneverande skuleår. Det er teke inn 8 elevar med ungdomsrett på vg1 restaurant- og matfag i år. Fylkesdirektøren rår difor til at tilbodet vert lyst ut igjen.

Ut over dette har fylkesdirektøren ingen endringsframlegg.

Fylkesdirektøren si tilråding i restaurant- og matfag:

- Vg2 kokk- og servitør ved Sogndal vidaregåande skule vert lyst ut med ei gruppe

Utdanningsprogrammet service og samferdsel

For inneverande skuleår vart ikkje vg2 transport og logistikk med Mo og Øyrane vidaregåande skule lyst ut. Skuleåret 2015-16 var det 22 elevar til 36 plassar, og søkinga hadde vore svak over fleire år. Fylkesdirektøren fann difor ikkje å kunne prioritere tre grupper i dette programområdet.

Opplæringskontoret for transport og logistikk organiserte for 2016-17 opplæring i transportfaget gjennom å tilby søkjarar lærekontrakt med full opplæring i bedrift etter vg1. Når bedrifter tek inn til full opplæring i bedrift etter vg1 er bedrifta/opplæringskontoret ansvarleg for å gje opplæring i programfaga på vg2, og den aktuelle fylkeskommune er pliktig til å gje opplæring i fellesfaga på vg2. Det vanlege er at fellesfaga vert fordelte over dei tre åra lærlingen er i bedrifta. I dette tilfellet vert all fellesfagundervisninga gjeven ved Mo og Øyrane vidaregåande skule i løpet av første året. Dette er gjort etter påtrykk frå opplæringskontoret for å gje best mogleg høve til køyring dei to neste åra.

Det er teke inn 6 elevar med ungdomsrett, og 11 totalt. Seks av elevane følgjer opplæring i fellesfaga i tillegg.

Kostnadane knytte til opplæringa i fellesfag og bransjen sine vurderingar av behovet i regionen gjer at fylkesdirektøren rår til at vg2 transport og logistikk vert lyst ved Mo og Øyrane vidaregåande skule for skuleåret 2017-18.

Fylkesdirektøren si tilråding i service og samferdsel:

- Vg2 transport og logistikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert lyst ut med ei gruppe.

Utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon

På grunn av manglande læreplasstilgang vart vg2 brønnteknikk og vg2 maritim produksjonsteknikk ikkje lyst ut for 2016-17. Bransjane er ikkje «friskmelde», og fylkesdirektøren vil difor ikkje rå til at tilboda vert lyst ut for 2017-18. Behovet for fagarbeidarar med desse kompetansane er for tida lite.

I oppsummeringa av arbeidet med formidling til lærekontrakt/opplæringskontrakt går det fram at det også i år var problematisk å formidle alle frå vg2 industriteknologi og vg2 køyretøy.

Fagopplæringsnemnda gjer i sitt vedtak merksam på den same problemstillinga, og meiner det ikkje er grunnlag for auke i gruppetalet i utdanningsprogrammet. Fagopplæringsnemnda gjer ikkje framlegg om reduksjon i gruppetalet, noko fylkesdirektøren meiner er naudsynt når ein over fleire år ikkje får formidla alle søkjarane til opplæring i bedrift.

For 2016-17 vart vg2 industriteknologi ved Måløy vidaregåande skule ikkje lyst ut. Ein gjorde merksam på at tilrådinga ikkje var i samsvar med skulebruksplanen. Skulen hadde to grupper vg1 teknikk og industriell produksjon. Fylkesdirektøren si vurdering var då at det var tilstrekkeleg med tre grupper på vg2-nivå, ei gruppe køyretøy og to grupper maritime fag. Maritime fag er fylkesdekkande og skal rekruttere frå heile fylket, men elevdata syner at rekrutteringa i stor grad skjer frå Nordfjord.

Fylkesdirektøren rår til at vg2 industriteknologi ved Måløy vidaregåande skule ikkje vert lyst for kommande år, men sidan endringane er i høve tilbod som er sett i gang vil framlegget ikkje vere synleg i tabellane.

Når tilgjengeleg læreplassar i utdanningsprogrammet ikkje er i samsvar med søkinga bør kapasiteten dimensjonerast ned. Reduksjon på vg1-nivå vil gje oss ein lettare situasjon på vg2-nivå skuleåret 2018-19. Det er tre grupper vg1 teknikk og industriell produksjon ved Eid vidaregåande skule. For å justere ned kapasiteten rår ein til å lyse ut to grupper vg1 for skuleåret 2017-18.

Ved Mo og Øyrane vidaregåande skule er det i år to grupper vg2 industriteknologi, ei gruppe vg2 køyretøy og ei gruppe vg2 bilskade, lakk og karosseri. Opplæringskontoret ber i sitt innspel om at plasstalet i vg2 bilskade, lakk og karosseri vert redusert frå 12 til 8 plassar pga. problem med å gje alle elevane nødvendig opplæring ute i bedrifter. I skulebruksplanen vart vg2 bilskade, lakk og karosseri vedteke flytta frå Stryn vidaregåande skule og oppretta ved Mo og Øyrane vidaregåande skule. Føresetnaden var eit samarbeid med næringslivet/bransjen, slik formulert i vedtaket:

Vg2 bilskade, lakk og karosseri vert nytt tilbod ved skulen om fylkesrådmannen finn løysingar saman med næringslivet/bransjen for den praktiske delen av opplæringa. Om ein ikkje får til slike løysingar blir det ikkje tilbod om vg2 bilskade, lakk og karosseri i eige fylke.

Som det går fram av oppsummeringa av arbeidet med formidling stod det att om lag ei halv gruppe med søkjarar til bilfaga. Dei fleste av desse er frå Sunnfjord. Eitt alternativ kan difor vere å opprette ½ gruppe vg2 bilskade, lakk og karosseri og ½ gruppe vg2 køyretøy ved Mo og Øyrane vidaregåande skule. Innsparinga vil berre vere i fellesfaga, så vi bør rekne om lag 1,5 grupperessursar til saman. Redusert tal søkjarar utan læreplass vil vere resultatet av omlegginga.

Inneverande år er det to grupper vg1 teknikk og industriell produksjon, og fylkesdirektøren rår, på grunnlag av læreplass situasjonen, til at vg2 industriteknologi vert redusert med ei gruppe.

Det vil gje 24 plassar på vg2 i utdanningsprogrammet neste år, til 24 inntekne på vg1 i år. Vg2 bilskade, lakk og karosseri er fylkesdekkande tilbod, men søkinga syner at rekrutteringa primært er frå Sunnfjord.

Eit tilbod om vg1 teknikk og industriell produksjon ved Stryn vidaregåande skule bryt med vedtaket i skulebruksplanen og auke kapasiteten i eit fagområde der vi har utfordringar med tilgjengelege læreplassar.

Fylkesdirektøren si tilråding i teknikk og industriell produksjon:

- Vg1 teknikk og industriell produksjon ved Eid vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg2 bilskade, lakk og karosseri ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert redusert med ei halv gruppe
- Vg2 køyretøy ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert redusert med ei halv gruppe
- Vg2 industriteknologi ved mo og Øyrane vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe

Programområdet påbygging til generell studiekompetanse**Vg3 påbygging til generell studiekompetanse**

Til saka om opplæringstilbodet for 2016-17 hadde fylkesdirektøren ei tilråding om at vg3 påbygging til generell studiekompetanse ved Dale vidaregåande skule ikkje skulle lysast ut. Hovudutvalet vedtok at gruppa skulle lysast ut under føresetnad av finansiering i fylkestinget. Fylkestinget vedtok at gruppa skulle lysast ut, men at auken i ramma skulle vurderast i samband med justeringa.

Både Dale og Årdal vidaregåande skular har over tid hatt særskilte søkjartal til påbygging til generell studiekompetanse. Skuleåret 2016-17 er det 4 primærsøkjalar med ungdomsrett til Dale vidaregåande skule og 16 med ungdomsrett til Årdal vidaregåande skule. Ut frå vedtakspunkt 6 i saka om skulebruksplanen (FT- sak 26/13) om oppfyllingsgrad i gruppene er det, etter fylkesdirektøren si vurdering, ikkje grunnlag for å lyse tilboda ved desse skulane ut på ny.

Tilboda ved Dale og Årdal vidaregåande skular skil seg frå kvarandre med omsyn til tal elevar som blei tekne inn på tilbodet; per 14.9. 24 med ungdomsrett i Dale og 13 i Årdal. Når det likevel er teke inn 24 elevar med ungdomsrett ved Dale vidaregåande skule skuldast det mellom anna oversøking til tilsvarende tilbod ved Hafstad vidaregåande skule.

Etter ei samla vurdering av tilbodet i fylket tilrår fylkesdirektøren å ikkje lyse ut tilbodet i påbygging til generell studiekompetanse ved Årdal vidaregåande skule. Ved å ikkje lyse ut gruppa vil ein redusere samla ledig kapasitet på påbygging til generell studiekompetanse. Samstundes vil truleg fleire elevar i utdanningsprogramma helse- og oppvekstfag, restaurant- og matfag og service og samferdsel fullføre opplæringa i bedrift.

Vg4 Påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag- og yrkesopplæring.

Med verknad frå 1.8.14 vart opplæringslova §3-1 utvida, og det vart innført rett til vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag- og yrkesopplæring. Nytt ledd i §3-1 lyder:

Den som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring som ein del av ungdomsretten etter første ledd, har etter søknad rett til eitt års påbygging til generell studiekompetanse. Det same gjeld andre som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring innan utgangen av det året dei fyller 24 år. Retten gjeld dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring i 2014, eller seinare. Retten kan takast ut når som helst innan utgangen av det året vedkommande fyller 24 år. Lovføresegna i tredje ledd om at retten må takast ut i løpet av ein samanhengande periode på fem, alternativt seks år, gjeld ikkje her.

Det betyr at søkjarar som har bestått fag- og yrkesopplæringa har rett på eit tilbod som gjev studiekompetanse. Dei konkurrerer ikkje på karakterane frå vg2 yrkesfag. Tilbodet er eit vg4-tilbod, men søkjarane skal ikkje ha utvida ungdomsrett, då det er innført ein eigen «rett til påbygging» etter § 3-1. Informasjon om inntak etter den nye retten går frå Vigo til Lånekassen. Dette utløyser rett til lån og stipend på kvoten for høgare utdanning. For dei som har bestått fag/yrkesopplæring er det krav om opplæring i 23 t/v i staden for 30 t/v i ordinært vg3 påbygging til generell studiekompetanse.

Til skuleåret 2016-17 var det 38 søkjarar med rett til påbygging etter bestått fagbrev, og per.14.9. var det teke inn 23 elevar. Elevane går i lag med elevane på vg3 naturbruk studieførebuande.

Søkjartala til skuleåret 2015-16 var 25. Vi hadde då ikkje eige søkbart tilbod, og søkjarane fekk reservert plass i ordinære påbyggingsgrupper. Ein kan framleis rekne med at søkjartala vil auke sidan alle som har bestått fag/yrkesopplæring etter 1.1.14 har denne retten.

I saka om opplæringstilbodet for 2016-17 gjorde fylkesdirektøren ei vurdering av eit eige tilbod for gruppa opp mot ordninga med å reservere plass i ordinære grupper. Fylkesdirektøren si vurdering etter søkinga i vår er at ein er svært nøgd med å ha eit eige søkbart tilbod. Det var krevjande å plukke ut søkjarane til påbygging til generell studiekompetanse, med rett til tilbod, mellom alle søkjarane som skulle konkurrere ordinært på karakterane etter vg2.

Fylkesdirektøren rår difor til å oppretthalde ordninga med eige søkbart opplæringstilbod med 23 t/v for denne gruppa, og syner til midlane som er øyremerkte opplæringstilbod til elevar med rett til påbygging etter oppnådd fagbrev.

Dette skuleåret har Mo og Øyrane vidaregåande skule tilbod om vg4 påbygging til generell studiekompetanse i kombinasjon med vg3 naturbruk studieførebuande. For skuleåret 2017-18 er denne løysinga ikkje mogeleg. Arealsituasjonen ved Mo og Øyrane vidaregåande skule er i tillegg pressa.

Sidan eksisterande kombinasjon ikkje vert mogeleg neste år, har fylkesdirektøren måtte vurdere lokalisering av tilbodet på nytt. Fylkesdirektøren rår til at vg4 påbygging til generell studiekompetanse vert oppretta ved Årdal vidaregåande skule som har ledig areal og kompetanse sidan ein rår til å ikkje lyse ut vg3 påbygging til generell studiekompetanse.

Fylkesdirektøren si tilråding i påbygging til generell studiekompetanse :

- Vg3 påbygging til generell studiekompetanse ved Årdal vidaregåande skule vert ikkje lyst ut
- Vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag og yrkeskompetanse vert oppretta med ei gruppe ved Årdal vidaregåande skule
- Vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag og yrkeskompetanse ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert ikkje lyst ut

Tabell 3 syner samla oversikt over fylkesdirektøren sine framlegg til endringar, presenterte per skule

| | | | | Fylkesdirektøren sine framlegg til endringar frå igangsett tilbod 2016-17 | | Fylkesdirektøren sitt framlegg til utlysing av tilbod | |
|---------------|------|-----|--|---|---------|---|---------|
| Skole | Nivå | utd | Programområdenamn | Grupper | Plassar | Grupper | Plasser |
| Dale | 2 | HS | HELSEARBEIDERFAG | 1 | 15 | 1 | 15 |
| Eid | 1 | TP | TEKNIKK OG IND. PRODUKSJON | -1 | -12 | 2 | 24 |
| Eid | 2 | DH | INTERIØR OG UTSTILLINGSDESIGN | 1 | 12 | 1,5 | 18 |
| Flora | 1 | EL | ELEKTROFAG | 1 | 12 | 2 | 24 |
| Flora | 2 | BA | KLIMA-/ENERGI/MILJØTEKN | -1 | -12 | 0 | 0 |
| Flora | 2 | EL | ELENERGI | -1 | -12 | 1 | 12 |
| Flora | 3 | ST | STUDIESPESIALISERING | -1 | -30 | 2 | 60 |
| Hafstad | 2 | KD | KUNST, DESIGN OG ARKITEKTUR | 1 | 30 | 1 | 30 |
| Hafstad | 2 | ST | FORMGIVINGSFAG | -1 | -30 | 0 | 0 |
| Mo og Øyrane | 1 | BA | BYGG OG ANLEGGSTEKNIKK | -1 | -12 | 4 | 50 |
| Mo og Øyrane | 1 | EL | ELEKTROFAG | -1 | -12 | 2 | 24 |
| Mo og Øyrane | 2 | BA | BYGGTEKNIKK | 1 | 12 | 3 | 36 |
| Mo og Øyrane | 2 | BA | ANLEGGSTEKNIKK | -1 | -12 | 1 | 12 |
| Mo og Øyrane | 2 | EL | ELENERGI | 1 | 12 | 2 | 24 |
| Mo og Øyrane | 2 | SS | TRANSPORT OG LOGISTIKK | 1 | 12 | 1 | 12 |
| Mo og Øyrane | 2 | TP | BILSKADE, LAKK OG KAROSSERI | -0,5 | -6 | 0,5 | 6 |
| Mo og Øyrane | 2 | TP | INDUSTRIKNOLOGI | -1 | -12 | 1 | 12 |
| Sogndal | 2 | BA | BYGGTEKNIKK | 2 | 24 | 3 | 36 |
| Sogndal | 2 | BA | KLIMA-/ENERGI/MILJØTEKN | 1 | 12 | 1 | 12 |
| Sogndal | 2 | EL | ELENERGI | -1 | -12 | 1 | 12 |
| Sogndal | 2 | RM | KOKK- OG SERVITØRFAG | 1 | 12 | 1 | 12 |
| Sogndal | 2 | ST | STUDIESPESIALISERING | -1 | -30 | 3 | 78 |
| Årdal | 3 | PB | PÅBYGGING TIL GEN. STUDIEKOMP | -1 | -30 | 0 | 0 |
| Årdal | 4 | PB | PÅBYGGING TIL GEN. STUDIEKOMP ETTER YRKESKOMP | 1 | 30 | 1 | 30 |
| Sum endringar | | | | -0,5 | -39 | | |

International Baccalaureate (IB)

Fylkestinget gjorde i FT-sak 46/14 Opplæringstilbodet for 2015-16 slikt vedtak:

- 1) *International Baccalaureate (IB), i samarbeid mellom UWC RCN og Dale vidaregåande skule, blir lyst ut som prøveprosjekt over tre år. Proveprosjektet blir lyst ut med 3 plassar. Den samla fylkeskommunale kostnaden blir 440 000 kr over tre år. Proveprosjektet vert finansiert innanfor den økonomiske ramma for opplæringstilbodet.*

Grunnlaget for vedtaket i fylkestinget var medfinansiering på 1,0 mill. kr frå næringslivet i regionen. Den samla kostnaden for prøveprosjektet over tre år (to kull over to år) var 1,440 mill.kr.

Evalueringsrapporten første tre semester er positiv, og elevane er svært fornøgde med det faglege tilbodet. IB-elevane våre har hatt både skulekvardagen og fritida si på UWC, og utveksling og samhandling av lærekrefter mellom skulane har vore avgrensa. Timeplanane ved skulane er så ulike at det i praksis ikkje har vore mogeleg.

I rapporten går det fram at UWC tilbyr Sogn og Fjordane fylkeskommune å kjøpe inntil to elevplassar på IB –tilbod per år, til same kostnad som kjøp av elevplassar i andre fylke. KS sin sats for kjøp av elevplassar i studiespesialisering er for 20016 105 700 kr per plass.

Eit IB tilbod i eige fylke kan framleis vere eit alternativ til at søkjarar frå Sogn og Fjordane vel IB i andre fylke. Fylkesdirektøren rår til at det vert kjøpt inntil to plassar ved IB-utdanning ved UWC per år. Ein rår til at ordninga ver evaluert etter skuleåret 2018-19, når ein ser konsekvensane av lovendringa om friare skuleval.

Fylkesdirektøren meiner at søkinga til UWC ikkje treng gå gjennom fylkeskommunen, og at elevane heller ikkje treng ha elevstatus ved Dale vidaregåande skule. Også i prøveprosjektet har UWC stått for utveljing av søkjarar, på grunnlag av liste dei har fått frå fylkesdirektøren. Med ei slik løysing vil ansvaret for informasjon og rekruttering liggje til UWC.

Kostnadane for skuleåret 2017-18 vert dekte gjennom ramma for opplæringstilbodet.

Tilbod som gjev yrkes og studiekompetanse YSK

I HO - sak 27/15 Opplæringstilbodet for skuleåret 2016 - 2017 står det i vedtakspunkt 2:
« YSK - tilbodet (Yrkes - og studiekompetanse) ved Måløy og Mo og Øyrane vidaregåande skular vert evaluert, særleg med tanke på i kva grad YSK - lærlingane tek opp plassar for ordinære lærlingar. Evalueringa skal vere gjennomført før saka om opplæringstilbodet for 2017 - 18 skal handsamast.»

I HO-sak 30/16 vart tilbodet evaluert og fylkesdirektøren skriv i sin konklusjon;
I evalueringa kjem det fram at elevane i YSK-opplæringa har hatt god progresjon og gode resultat. Alle elevane som har svara på evalueringa er særst godt nøgde med tilbodet. Tilboda har i hovudsak rekruttert elevar i frå nærområdet til skulane og tilboda bør gjerast betre kjent.

Evalueringa viser at det er vanskeleg å sei noko om kva grad YSK-lærlingane tek opp plassar for ordinære lærlingar.

YSK-tilboda er kostbare. Samstundes viser evalueringa at om lag halvparten av elevane ikkje fekk nytta seg av den kompetansen dei fekk gjennom opplæringa etter enda vidaregåande opplæring.

Ut i frå elevane sine ønskje og tilgangen på lærebedrifter har ein utvida talet programfag det er mogleg å ta YSK-opplæring i. Dette har auka både talet elevar og kostnaden ved tilboda. Fylkesdirektøren vil kome attende til eit framlegg om avgrensing av talet programfag ein gir eit YSK-tilbod innanfor i, i sak om opplæringstilbodet 2017/18.

Som det går fram av HO-sak 16/30 er YSK tilboda kostbare også sett i forhold til tilbodet om fag og studiekompetanse gjennom fagbrev og vg4 påbygging til generell studiekompetanse. Evalueringa syner og at om lag halvparten av elevane ikkje fekk nytta seg av kompetansen etter avslutta vidaregåande opplæring. Fylkesdirektøren meiner at innsparingskrava i sektoren gjer at det ikkje er rimeleg å nytte så store ressursar på stadig fleire elevar.

Då YSK, tidlegare TAF, vart vedteke som tilbod ved Måløy vidaregåande skule for skuleåret?? galdt det helsearbeidarfag i utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag og industriteknologi i utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon. Vedtaket om YSK ved Mo og Øyrane vidaregåande skule gjeld for vg2 sal, service og sikkerheit i utdanningsprogrammet service og samferdsel.

Evalueringa av YSK tilbodet syner at det er behov for avgrensing av tal programområde som skal inngå i tilbodet.

Fylkesdirektøren rår til at tilbodet ved Måløy vidaregåande skule frå og med skuleåret 2017-18 vert avgrensa til å gjelde vg2 helsearbeidarfag, vg2 industriteknologi og vg2 akvakultur med samla inntil 12 elevplassar innanfor ein grupperessurs per årssteg. Elevar som allereie har starta på eit YSK-tilbod i andre programområde får høve til å fullføre.

Fylkesdirektøren rår til at tilbodet ved Mo og Øyrane vidaregåande skule framleis skal gjelde vg2 sal, service og sikkerheit med inntil 12 elevplassar.

Konsekvensar for personalet

Fylkesdirektøren sitt framlegg til opplæringstilbod for skuleåret 2017-18 er på nivå med det igangsette tilbodet i skuleåret 2016-17. Framlegget vil samla sett ikkje setje stort trykk på personalsituasjonen. Likevel kan det få konsekvensar for tilsette innan nokre programområder.

Ein auke eller reduksjon i gruppetal vil påverke det lokale stillingsplanarbeidet som vert gjennomført på den einskilde skule. Når justering av opplæringstilbodet for 2017-18 er vedteken, kan skulane ferdigstillast sine stillingsplanar og først då vil fylkesdirektøren få oversikt over

eventuelt overtal. Tildelte midlar til tilpassa opplæring og midlar til kompetanseheving vil også påverke det endelege bilete.

5. Oppsummering

Som omtala innleiingsvis er fylkesdirektøren rimeleg trygg på at gruppetalsramma, med tilhøyrande plasstal, vil vere tilstrekkeleg for skuleåret 2017-18. Det er ei politisk målsetjing å lyse ut tilbodet so breitt som mogeleg, for så å justere tilbodet i tråd med søkjarane sin ønske når søknadsfristen er ute. Ramma på vg1 er litt knapp, men det er ein konsekvens av ønsket om breiast mogeleg utlysing.

Det er tre tilbod som ligg i skulebruksplanen som ikkje er tilrådd lyste ut. Det gjeld vg2 industrideknologi ved Måløy vidaregåande skule og vg2 brønnteknikk og vg2 klima, energi og miljøteknikk ved Flora vidaregåande skule. I tillegg rår fylkesdirektøren ikkje til at vg2 maritim produksjonsteknikk ved Dale vidaregåande skule vert lyst ut. Alle andre endringar kan tilpassast søkjartala i arbeidet med justerings-saka til våren.

Samla tilbod ved kvar skule

| a) Årdal vidaregåande skule | | | | | | | |
|------------------------------------|--|--------------------------------|------------|-----------------------------------|------------|---|------------|
| | | Utlyst tilbod 2016-2017 | | Igangsett tilbod 2016-2017 | | Fylkesdirektøren sitt framlegg for 2017-2018 | |
| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar |
| ELELE1---- | Elektrofag | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| ELAUT2---- | Automatisering | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| ELAUT3---- | Automatiseringsfaget | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| SSSSA1---- | Service og samferdsel | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| SSSSS2---- | Sal, service og sikkerheit | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 1,0 | 13 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| TPPIN2---- | Industrieteknologi | 1,0 | 12 | 1,0 | 13 | 1,0 | 12 |
| TPKJP2---- | Kjemiprosess | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| PBPBY4---- | Påbygging til gen. studiekomp.- etter yrkeskomp. | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| Totalt | | 12,0 | 223 | 12,0 | 223 | 12,0 | 222 |

Tilbodet ved Årdal vidaregåande skule vert lyst ut med 12 grupper

| b) Sogndal vidaregåande skule | | | | | | | |
|--------------------------------------|-----------------------------------|--------------------------------|------------|-----------------------------------|------------|---|------------|
| | | Utlyst tilbod 2016-2017 | | Igangsett tilbod 2016-2017 | | Fylkesdirektøren sitt framlegg for 2017-2018 | |
| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar |
| BABAT1---- | Bygg- og anleggsteknikk | 3,0 | 38 | 5,0 | 62 | 5,0 | 60 |
| BAANL2---- | Anleggsteknikk | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| BABYG2---- | Byggteknikk | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 3,0 | 36 |
| BAKEM2---- | Klima, energi og miljøteknikk | 1,0 | 12 | 0,0 | 0 | 1,0 | 12 |
| ELELE1---- | Elektrofag | 2,0 | 28 | 2,0 | 28 | 2,0 | 24 |
| ELELE2---- | Elenergi | 1,0 | 12 | 2,0 | 24 | 1,0 | 12 |
| ELDEL2---- | Data og elektronikk | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| ELDAT3---- | Dataelektronikarfaget | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 |
| HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 2,0 | 32 | 2,0 | 32 | 2,0 | 30 |
| HSBUA2---- | Barne- og undomsarbeidarfag | 1,0 | 14 | 1,0 | 14 | 1,0 | 15 |
| HSHEA2---- | Helsearbeidarfag | 2,0 | 30 | 2,0 | 30 | 2,0 | 30 |
| IDRET1---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| IDIDR2---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| IDIDR3---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| MEMOK1---- | Medium og kommunikasjon | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| MEMOK2---- | Medium og kommunikasjon | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 30 |
| MKMED3---- | Medium og kommunikasjon-studiefø | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| RMRMF1---- | Restaurant- og matfag | 1,0 | 13 | 1,0 | 13 | 1,0 | 12 |
| RMKOS2---- | Køkk- og servitørfag | 1,0 | 12 | 0,0 | 0 | 1,0 | 12 |
| SSSSA1---- | Service og samferdsel | 1,0 | 15 | 2,0 | 30 | 2,0 | 30 |
| SSTR2---- | Transport og logistikk | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| SSSSS2---- | Sal, service og sikkerheit | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 3,0 | 81 | 3,0 | 81 | 3,0 | 81 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 4,0 | 108 | 4,0 | 108 | 3,0 | 78 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 4,0 | 108 | 4,0 | 108 | 4,0 | 108 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 |
| TPKJT2---- | Køyretøy | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| Totalt | | 42,0 | 779 | 44,0 | 806 | 46,0 | 819 |

Tilbudet ved Sogndal vidaregåande skule vert lyst ut med 46 grupper

| c) Høyanger vidaregåande skule | | | | | | | |
|---------------------------------------|-----------------------------------|------------------------------------|------------|---------------------------------------|------------|---|------------|
| | | Utlyst tilbod 2016-2017 | | Igangsett tilbod 2016-2017 | | Fylkesdirektøren sitt framlegg for 2017-2018 | |
| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar |
| DHFRI2---- | Frisør | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| ELELE1---- | Elektrofag | 1,0 | 12 | 1,0 | 14 | 1,0 | 12 |
| ELELE2---- | Elenergi | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 1,0 | 32 | 1,0 | 32 | 1,0 | 30 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| TPPIN2---- | Industrieteknologi | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| Totalt | | 8,0 | 152 | 8,0 | 154 | 8,0 | 150 |

Tilbudet ved Høyanger vidaregåande skule vert lyst ut med 8 grupper

| d) Dale vidaregåande skule | | | | | | | |
|-----------------------------------|-----------------------------------|------------------------------------|------------|---------------------------------------|------------|---|------------|
| | | Utlyst tilbod 2016-2017 | | Igangsett tilbod 2016-2017 | | Fylkesdirektøren sitt framlegg for 2017-2018 | |
| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar |
| HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| HSHEA2---- | Helsearbeidarfag | 1,0 | 15 | 0,0 | 0 | 1,0 | 15 |
| PBPBY3---- | Påbygg til generell studiekomp. | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 | 1,0 | 32 | 1,0 | 30 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 0,5 | 17 | 1,0 | 17 | 1,0 | 12 |
| TPPIN2---- | Industrieteknologi | 0,5 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| Totalt | | 8,0 | 174 | 7,0 | 172 | 8,0 | 174 |

Tilbudet ved Dale vidaregåande skule vert lyst ut med 8 grupper

| e) Mo og Øyrane vidaregåande skule | | | | | | | |
|---|--------------------------------------|--------------------------------|------------|-----------------------------------|------------|---|------------|
| | | Utlyst tilbod 2016-2017 | | Igangsett tilbod 2016-2017 | | Fylkesdirektøren sitt framlegg for 2017-2018 | |
| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar |
| BABAT1---- | Bygg- og anleggsteknikk | 4,0 | 50 | 5,0 | 62 | 4,0 | 50 |
| BABYG2---- | Byggteknikk | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 | 3,0 | 36 |
| BAANL2---- | Anleggsteknikk | 1,0 | 12 | 2,0 | 24 | 1,0 | 12 |
| ELELE1---- | Elektrofag | 2,0 | 24 | 3,0 | 36 | 2,0 | 24 |
| ELDEL2---- | Data og elektronikk | 1,0 | 12 | 1,0 | 13 | 1,0 | 12 |
| ELELE2---- | Elenergi | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 2,0 | 24 |
| HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 3,0 | 47 | 3,0 | 47 | 3,0 | 45 |
| HSAMB2---- | Ambulansefag | 0,5 | 9 | 0,5 | 9 | 0,5 | 9 |
| HSHE2---- | Helseservicefag | 0,5 | 6 | 0,5 | 6 | 0,5 | 6 |
| HSHEA2---- | Helsearbeidarfag | 2,0 | 25 | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 |
| HSBUA2---- | Barne- og ungdomsarbeidarfag | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| NANAB1---- | Naturbruk | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| NANAB1--3- | Naturbruk- hest | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| NAH2---- | Heste- og hovslagarfag | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| NALGA2---- | Landbruk og gartnermæring | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| NANAB3---- | Naturbruk- studieførebuande | 1,0 | 6 | 1,0 | 6 | 1,0 | 15 |
| NALBR3---- | Landbruk | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| RMRMF1---- | Restaurant- og matfag | 2,0 | 27 | 2,0 | 27 | 2,0 | 24 |
| RMKOS2---- | Kokk- og servitørfag | 1,0 | 13 | 1,0 | 16 | 1,0 | 12 |
| SSSSA1P--- | Service og samferdsel- YSK 4-årig | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| SSSS2P--- | Sal, service og sikkerheit- YSK 4-år | 1,0 | 9 | 1,0 | 9 | 1,0 | 11 |
| PBPBY4P1-- | Påbygging YSK 3.år | | | | | 0,0 | 15 |
| SSTR2---- | Transport og logistikk | | | | | 1,0 | 12 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 |
| TPBLK2---- | Bilskade, lakk og karosseri | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 0,5 | 6 |
| TPPIN2---- | Industrieteknologi | 1,0 | 12 | 2,0 | 24 | 1,0 | 12 |
| TPKJT2---- | Køyretøy | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 6 |
| Totalt | | 34,0 | 426 | 38,0 | 477 | 36,5 | 469 |

Tilbodet ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert lyst ut med 36,5 grupper

| f) Hafstad vidaregåande skule | | | | | | | |
|--------------------------------------|---------------------------------|--------------------------------|------------|-----------------------------------|------------|---|--------------|
| | | Utlyst tilbod 2016-2017 | | Igangsett tilbod 2016-2017 | | Fylkesdirektøren sitt framlegg for 2017-2018 | |
| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar |
| PBPBY3---- | Påbygg til generell studiekomp. | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| MEMOK1---- | Medium og kommunikasjon | 1,0 | 17 | 1,0 | 32 | 1,0 | 30 |
| MEMOK2---- | Medium og kommunikasjon | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 30 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 3,0 | 90 | 4,0 | 122 | 4,0 | 120 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 4,0 | 120 | 4,0 | 120 | 4,0 | 120 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 4,0 | 120 | 4,0 | 120 | 4,0 | 120 |
| KDKDA1---- | Kunst, arkitektur og design | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| KDKDA2---- | Kunst, arkitektur og design | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| STFOR3---- | Formgjevingsfag | 1,0 | 15 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| Totalt | | 17,0 | 467 | 18,0 | 529 | 18,0 | 540,0 |

Tilbodet ved Hafstad vidaregåande skule vert lyst ut med 18 grupper

| g) Flora vidaregåande skule | | | | | | | |
|------------------------------------|-----------------------------------|--------------------------------|------------|-----------------------------------|------------|---|------------|
| | | Utlyst tilbod 2016-2017 | | Igangsett tilbod 2016-2017 | | Fylkesdirektøren sitt framlegg for 2017-2018 | |
| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar |
| BABAT1---- | Bygg- og anleggsteknikk | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 |
| BAKEM2---- | Klima, energi og miljøteknikk | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 0,0 | 0 |
| BABYG2---- | Byggteknikk | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| ELELE1---- | Elektrofag | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 2,0 | 24 |
| ELELE2---- | Elenergi | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 | 1,0 | 12 |
| HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 2,0 | 30 | 2,0 | 30 | 2,0 | 30 |
| HSHEA2---- | Helsearbeidarfag | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| HSBUA2---- | Barne- og ungdomsarbeidarfag | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| IDRET1---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| IDIDR2---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| IDIDR3---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| PBPBY3---- | Påbygg til generell studiekomp. | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| SSSSA1---- | Service og samferdsel | 1,0 | 15 | 1,0 | 16 | 1,0 | 15 |
| SSSSS2---- | Sal, service og sikkerheit | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| SSISF2---- | IKT-servicfag | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 | 2,0 | 60 | 2,0 | 60 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 | 2,0 | 60 | 2,0 | 60 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 3,0 | 90 | 3,0 | 90 | 2,0 | 60 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 2,0 | 26 | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 |
| TPPIN2---- | Industriteknologi | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| Totalt | | 28,0 | 557 | 28,0 | 556 | 26,0 | 513 |

Tilbodet ved Flora vidaregåande skule vert lyst ut med 26 grupper

| h) Måløy vidaregåande skule | | | | | | | |
|------------------------------------|--------------------------------------|--------------------------------|------------|-----------------------------------|------------|---|------------|
| | | Utlyst tilbod 2016-2017 | | Igangsett tilbod 2016-2017 | | Fylkesdirektøren sitt framlegg for 2017-2018 | |
| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar |
| BABAT1---- | Bygg- og anleggsteknikk | 1,0 | 14 | 1,0 | 14 | 1,0 | 12 |
| BABYG2---- | Byggteknikk | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 1,0 | 16 | 1,0 | 16 | 1,0 | 15 |
| HSHSF1P---- | Helse- og oppvekstfag YSK 4-årig | 0,5 | 7 | 0,5 | 7 | 0,5 | 6 |
| HSHEA2P---- | Helsearbeidarfag YSK 4-årig | 0,5 | 7 | 0,5 | 7 | 0,5 | 7 |
| HSBUA2---- | Barne- og ungdomsarbeidarfag | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| NANAB1---- | Naturbruk | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| NANAB1P---- | Naturbruk- maritime fag YSK 4-årig | 0,0 | 4 | 0,0 | 4 | 0,0 | 4 |
| NAAKV2---- | Akvakultur | 0,5 | 6 | 0,5 | 6 | 0,5 | 6 |
| NAAKV2P---- | Akvakultur YSK 4-årig | | | | 4 | | 4 |
| NAFFA2---- | Fiske og fangst | 0,5 | 6 | 0,5 | 6 | 0,5 | 6 |
| RMRMF1---- | Restaurant- og matfag | 1,0 | 12 | 1,0 | 13 | 1,0 | 12 |
| RMKOS2---- | Kokk- og servitørfag | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 |
| TPTIP1P---- | Teknikk og industriell produksjon YS | 0,5 | 5 | 0,5 | 5 | 0,5 | 6 |
| TPTIP2P---- | Teknikk og industriell produksjon | 0,5 | 6 | 0,5 | 6 | 0,5 | 6 |
| TPMAR2---- | Maritime fag | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 |
| TPKJT2---- | Køyretøy | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| PBPBY4P1-- | Påbygging YSK 3.år | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| PBPBY4P2-- | Påbygging YSK 4. år | 1,0 | 18 | 1,0 | 18 | 1,0 | 15 |
| Totalt | | 20,0 | 317 | 20,0 | 322 | 20,0 | 315 |

Tilbodet ved Måløy vidaregåande skule vert lyst ut med 20 grupper

| i) Firda vidaregåande skule | | | | | | | |
|------------------------------------|-------------------------------|------------------------------------|------------|---------------------------------------|------------|---|--------------|
| | | Utlyst tilbod 2016-2017 | | Igangsett tilbod 2016-2017 | | Fylkesdirektøren sitt framlegg for 2017-2018 | |
| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar |
| IDRET1---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| IDIDR2---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| IDIDR3---- | Idrettsfag | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| MDMDD1--4- | Musikk, dans og drama- dans | 0,5 | 12 | 0,5 | 13 | 0,5 | 12 |
| MDMDD1--1- | Musikk, dans og drama- musikk | 1,0 | 24 | 1,0 | 24 | 1,0 | 24 |
| MDMDD1--6- | Musikk, dans og drama- drama | 0,5 | 12 | 0,5 | 13 | 0,5 | 12 |
| MDDAN2---- | Dans | 0,5 | 12 | 0,5 | 12 | 0,5 | 12 |
| MDDRA2---- | Drama | 0,5 | 12 | 0,5 | 12 | 0,5 | 12 |
| MDMUS2---- | Musikk | 1,0 | 24 | 1,0 | 24 | 1,0 | 24 |
| MDMUS3---- | Musikk | 1,0 | 24 | 1,0 | 25 | 1,0 | 24 |
| MDDRA3---- | Drama | 0,5 | 12 | 0,5 | 12 | 0,5 | 12 |
| MDDAN3---- | Dans | 0,5 | 12 | 0,5 | 12 | 0,5 | 12 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 | 1,0 | 30 | 1,0 | 30 |
| Totalt | | 13,0 | 354 | 12,0 | 327 | 12,0 | 324,0 |

Tilbodet ved Firda vidaregåande skule vert lyst ut med 12 grupper

| j) Eid vidaregåande skule | | | | | | | |
|----------------------------------|-----------------------------------|------------------------------------|--------------|---------------------------------------|--------------|---|------------|
| | | Utlyst tilbod 2016-2017 | | Igangsett tilbod 2016-2017 | | Fylkesdirektøren sitt framlegg for 2017-2018 | |
| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar |
| DHDHV1---- | Design og Handverk | 2,0 | 30 | 2,0 | 32 | 2,0 | 30 |
| DHIUD2---- | Interiør og utstillingsdesign | 0,5 | 6 | 0,5 | 6 | 1,5 | 18 |
| ELELE1---- | Elektrofag | 2,0 | 30 | 2,0 | 24 | 2,0 | 24 |
| ELDEL2---- | Data og elektronikk | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| ELELE2---- | Elenergi | 1,0 | 14 | 1,0 | 14 | 1,0 | 12 |
| ELAUT2---- | Automatisering | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| ELDAT3---- | Dataelektronikarfaget | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| ELAUT3---- | Autmatiseringsfaget | | | | | 1,0 | 12 |
| PBPBY3---- | Påbygg til generell studiekomp. | 1,0 | 27 | 1,0 | 27 | 1,0 | 27 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 | 2,0 | 61 | 2,0 | 60 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 | 2,0 | 60 | 2,0 | 60 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 | 2,0 | 60 | 2,0 | 60 |
| TPTIP1---- | Teknikk og industriell produksjon | 3,0 | 36 | 3,0 | 36 | 2,0 | 24 |
| TPIMS2M--- | Industriell møbelproduksjon LAD | 0,5 | 12 | 0,5 | 12 | 0,5 | 6 |
| TPPIN2---- | Industrieteknologi | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| Totalt | | 20,0 | 383,0 | 20,0 | 380,0 | 21,0 | 381 |

Tilbodet ved Eid vidaregåande skule vert lyst ut med 21 grupper

| k) Stryn vidaregåande skule | | | | | | | |
|------------------------------------|----------------------------|------------------------------------|------------|---------------------------------------|------------|---|------------|
| | | Utlyst tilbod 2016-2017 | | Igangsett tilbod 2016-2017 | | Fylkesdirektøren sitt framlegg for 2017-2018 | |
| Kode | Programområdenamn | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar | Grupper | Plassar |
| BABAT1---- | Bygg- og anleggsteknikk | 2,0 | 24 | 1,0 | 12 | 1,0 | 12 |
| BABYG2---- | Byggteknikk | 1,0 | 18 | 1,0 | 18 | 1,0 | 18 |
| HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| HSHEA2---- | Helsearbeidarfag | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| SSSSA1---- | Service og samferdsel | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| SSSSS2---- | Sal, service og sikkerheit | 0,5 | 6 | 0,5 | 6 | 0,5 | 6 |
| SSRLV2---- | Reiseliv | 0,5 | 6 | 0,5 | 7 | 0,5 | 6 |
| SSTR2---- | Transport og logistikk | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 | 1,0 | 15 |
| STUSP1---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 | 2,0 | 60 | 2,0 | 60 |
| STUSP2---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 | 2,0 | 60 | 2,0 | 60 |
| STUSP3---- | Studiespesialisering | 2,0 | 60 | 2,0 | 60 | 2,0 | 60 |
| Totalt | | 14,0 | 294 | 13,0 | 283 | 13,0 | 282 |

Tilbodet ved Stryn vidaregåande skule vert lyst ut med 13 grupper